



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 921 196 164
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: LL DET NORSKE TEATRET
Forretningsadresse: Kristian IVs gate 8
0164 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Alma Nedreid
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 29.04.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 11.06.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Eigne inntekter	1	64 211 000	21 940 000
Tilskot	2	209 684 000	215 463 000
Sum inntekter		273 895 000	237 403 000
Kostnader			
Varekjøp		8 412 000	4 651 000
Kostnad v/arbeidskraft	3,4	197 341 000	174 573 000
Avskrivningar teaterbygg	5	1 073 000	1 073 000
Ordinære avskrivningar	6	18 045 000	16 891 000
Andre driftskostnader	6,7	56 038 000	37 969 000
Sum kostnader		280 909 000	235 157 000
Driftsresultat		-7 014 000	2 246 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		700 000	508 000
Sum finansinntekter		700 000	508 000
Annan rentekostnad		1 031 000	689 000
Sum finanskostnader		1 031 000	689 000
Netto finans		-331 000	-181 000
Ordinært resultat før skattekostnad		-7 345 000	2 065 000
Skattekostnad	8	385 000	616 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		-7 730 000	1 449 000
Årsresultat		-7 730 000	1 449 000
Overføringar og disponeringar			
Overført til opptent egenkapital		-7 730 000	1 449 000
Sum overføringar og disponeringar		-7 730 000	1 449 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	8	1 746 000	1 646 000
Sum immaterielle egedelar		1 746 000	1 646 000
Varige driftsmiddel			
Teaterhuset	5	9 428 000	10 502 000
Bygningar, tomter	5	9 007 000	9 007 000
Teknisk utstyr, inventar	6	70 476 000	72 670 000
Sum varige driftsmiddel		88 911 000	92 179 000
Finansielle anleggsmiddel			
Lån til staten		22 200 000	22 200 000
Sum finansielle anleggsmiddel		22 200 000	22 200 000
Sum anleggsmiddel		112 857 000	116 025 000
Omløpsmiddel			
Varer			
Varelager	10	409 000	472 000
Sum varer		409 000	472 000
Krav			
Forskot forfatterhonorar		261 000	2 312 000
Andre fordringar, inkl. tilsette		5 871 000	4 930 000
Forskotsbetalte framsyningskostnader	11	3 624 000	4 997 000
Sum krav		9 756 000	12 239 000
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bank og kasse	12	6 593 000	6 542 000
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		6 593 000	6 542 000
Sum omløpsmiddel		16 758 000	19 253 000
SUM EIGEDELAR		129 615 000	135 278 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Lutmidlar	13	4 909 000	4 909 000
Annan innskoten eigenkapital	9	6 335 000	6 335 000
Sum innskoten eigenkapital		11 244 000	11 244 000
Opptent eigenkapital			
Opptent eigenkapital	9	3 366 000	10 541 000
Sum opptent eigenkapital		3 366 000	10 541 000
Sum eigenkapital		14 610 000	21 785 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	4	36 987 000	37 108 000
Sum avsetjingar for plikter		36 987 000	37 108 000
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	14	10 125 000	11 625 000
Sum anna langsiktig gjeld		10 125 000	11 625 000
Sum langsiktig gjeld		47 112 000	48 733 000
Kortsiktig gjeld			
Kassakreditt	14	15 352 000	13 021 000
Leverandørgjeld		6 987 000	6 764 000
Betalbar skatt, ikkje utlikna	8	485 000	707 000
Skuldige offentlege avgifter		10 716 000	10 822 000
Forskotsinnbetalt for billetter		7 553 000	8 286 000
Anna kortsiktig gjeld, inkl. feriepengar		26 800 000	25 160 000
Sum kortsiktig gjeld		67 893 000	64 760 000
Sum gjeld		115 005 000	113 493 000
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		129 615 000	135 278 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
---------------------	-------------	-------------	-------------

Styrets årsmelding 2022

Inngangen til 2022 var prega av uvisse. I starten rådde nærast fortvilning, og heile kulturfeltet var usikre på korleis framtida ville arte seg. Det heile kjennest kanskje som fjern fortid no som vi veit korleis året gjekk. Men ved inngangen til 2022 var kulturlivet framleis underlagt inngripande restriksjonar som styresmaktene hadde pålagt oss. Debatten gjekk varm, om stress blant tilsette, kompetanseflukt, kollektiv utmatting og tap av meining. Mange var også urolege for at dei harde restriksjonane på sikt ville føre til ein devaluering av kunst og kultur. Og ville publikum vende tilbake? Frykta i kulturlivet var stor og slett ikkje grunnlaus.

No som munnbinda er tekne av, meteren eliminert og koronatestane lagt inst i skuffa er det godt å konstatere at det viste seg å vere hald i styrets optimisme for 2022. I den uvissa som rådde etter nærare to år med pandemi, fatta styret håp om at det berre kunne bli betre, og at Det Norske Teatret ville kunne klare å kome seg gjennom denne seige perioden utan for store sår. Det har vi klart.

Styret er imponert over teaterets ustanselege kamp mot unntakstilstanden som har prega teaterets drift. Bufferen for handsaming av kriser var naturleg nok ikkje stor da 2022 starta, men fleksibiliteten i organisasjonen og toleransen for det uføreseielege var godt styrka. Det kom godt med i dei første månadene som utgjorde ei gjenopningsfase med høgt turtal. Det tillatne talet på publikum gjekk frå 50, til 200, til 500 og til sist full sal i løpet av dei seks første vekene av året. 12. februar var 23 månader med restriksjonar historie. Endeleg kunne ein planlegge for ordinær drift og gjenoppbygginga kunne starte. No kunne ein samle seg kring kjerneverksemda med å skape, produsere og formidle scenekunst.

Kapitalen til eit repertoarteater ligg i talet på produksjonar og Det Norske Teatrets strategi under pandemien med å halde fram med å skape nye stykke, viste seg å vere klok i eit år som 2022. Totalt har Det Norske Teatret spelt 773 framsyningar fordelt på 45 titlar. Ingen andre teater kan vise til ei tilsvarande breidde av teaterframsyningar.

Farvel pandemi, hallo glede!

Det var sjølvstekt spenning knytt til om koronakrisa hadde påverka kulturvanane og publikumsåtferda. Restriksjonar og smittevernreglar gjennom pandemien førte til stor nedgang i besøkstala ved teateret. Samstundes hadde folk hatt meir tid heime, og digitale tenester var blitt ein større del av kvardagen. Det Norske Teatret møtte denne spenninga med ei djerv satsing. Ny norsk dramatik i det store formatet, som historisk ikkje har vore satsingar som har trekt store publikumsgrupper eller gitt størst utslag på inntektssida, skulle setje tonen for 2022. Repertoaret var med andre ord ikkje endra med tanke på utfordringane vi stod overfor. Med årets første premiere på Hovudscenen trefte Det Norske Teatret tidsanda på eit vis ingen kunne ane. Arne Lygres *Tid for glede* hadde dei byggeklossane som den uføreseielege formelen for scenisk lykketreff treng, og eit begeistra publikum omfamna det kunstnarleg dristige prosjektet frå start.

Kritikarane lurte på om årets beste framsyning alt hadde sett dagens lys, og ved årets slutt var dette også dommen i oppsummeringane. *Tid for glede* blei eit omgrep som på mange vis oppsummerte 2022. Og ikkje berre for Det Norske Teatret, men for eit samla teater-Noreg.

Kunstnarleg kraft

Og den kunstnarlege satsinga viste seg å bere i seg ei kraft som fekk brenne gjennom heile året. Styret er imponert over prestasjonane, både dei kollektive og dei einskilde, som har vore med på å plassere 2022 som eitt av dei meir kunstnarleg sterke åra nokon sinne. Vesaas-jubileet blei markert med Luc Percevals nytolking av *Fuglane* 25 år etter den nærast segnomsuste framsyninga frå 1997. *Into the Woods* presenterte eit songsterkt ensemble i toppform. *Kristin Lavransdotter*, med ei ugløymeleg Sara Khorami i tittelrolla, har fått eit stort publikum til å gløyme tid og lengd i ein over 8 timar lang maraton. Og ved årets slutt blåste *Snøsøstera* liv i teatermagien og samla fleire generasjonar i teatersalen – alt dette berre på Hovudscenen. I tillegg har det myldra av oppsetjingar på bisenene, i Bikuben og på Rommen Scene. Det har vore samtalerekker, publikumsarrangement, festpremierar, utstillingar og eit breiddfullt tilbod i nærast alle sjangrar og for alle målgrupper. Det Norske Teatret har både markert Skeivt kulturår og avstand frå russisk krigsagresjon gjennom fleire viktige og relevante kunstnarlege prosjekt.

I krise og krig

Særleg vil styret trekke fram den tre dagar lange Ukrainian Art Resistance Festival i slutten av august. Frå Ukrainas sjølvstendedag 24. august, som òg markerte halvtårsdagen for den russiske invasjonen, fekk publikum nærkontakt med ukrainsk kunst og motstandskraft. Natt til 27. august overnatta om lag 100 personar i teateret, dels lyttande til ukrainsk og norsk musikk og lyrikk i foajeen, dels liggande på madrassar i formidlingsrommet utanfor Scene 2, som med lys- og lydinstallasjonar var omgjort til tilfluktsrom. Medan eksplosjonar i nærområdet kunne høyrast og kjennast, fekk publikum erfaring med den særmerkte blandinga av uhygge og fellesskap, som vår ukrainske venner fortel om frå sine nye kvardagar.

Det er imponerande korleis Det Norske Teatret har møtt utfordringane i dette gjenopningsåret. Dei tilsette har vist stor omstillingsevne og funne gode løysingar på både planlagde og meir spontane prosjekt. Styret er viss på at Det Norske Teatret står støtt både i gode, og i vanskelege og uføreseielege tider. For med 2022 kom nye krisar som også har innverknad på verksemda til teateret.

Pandemien var ein faktor som utløyste økonomisk usikkerheit og sårbarheit, og som la press på offentlege finansar og på politiske prioriteringar. Situasjonen blei ytterlegare forverra av krigen i Ukraina, som skapte menneskeleg liding i vår del av verda, men også bidrog sterkt til økonomiske problem på globalt nivå. Høg inflasjon, auke i energiprisane

og stagnasjon i den økonomiske veksten førte til nedgang i realløna og kjøpekrafta. Også her heime har vi få merke konsekvensane av dei storpolitiske konfliktane. For Det Norske Teatret har dette hatt innverknad på energiutgiftene og på prisauke på innkjøp. Lågare kjøpekraft er også ein risiko som kastar skugge over prognosane for kommande år.

Eit grønar teater

Det Norske Teatret er ein storbrukar av elektrisitet, sjølv om teaterbygget for ein stor del er varma opp med fjernvarme. Det årlege elektrisitetsforbruket tilsvarar forbruket til 100 einestadar, eller om lag 2,5 millionar kWh. Frå september har teateret gjennom systematisk arbeid lykkast med å redusere energiforbruket med 10-20% av det som har vore vanleg. Teateret har og utnytta straumstøtteordninga for næringslivet så godt det har vore mogleg. I desember ga Enova tilsegn om 3,7 millionar kroner i støtte til ENØK-investeringar for i alt 9,4 millionar kroner som skal gjennomførast i 2023. Desse investeringane vil føre til redusert straumforbruk og tene seg inn i løpet av nokre år.

Trass i sparetiltak er auka energikostnader den faktoren som forklarar mest av underskotet i 2022: Samla er energikostnadene vel 5 millionar kroner høgare enn det som har vore vanleg dei seinare åra.

Å møte kriser krev både politisk engasjement og investeringar i berekraft. Gjennom dette arbeidet styrkar Det Norske Teatret motstandskrafta i ei tid der vi må innstille oss på å leve med mange krisar på ein gong.

Det Norske Teatret har i 2022 for alvor svart på ei av dei store krisene som utfordrar eksistensen vår, klimakrisa, og gjennom eit omfattande og strategisk viktig arbeid nådde vi målet om å bli sertifisert som Miljøfyrtårn rett før året ebba ut.

Teateret forureinar i liten grad det ytre miljøet. Verksemda har likevel eit CO₂-avtrykk. I samband med sertifiseringa som Miljøfyrtårn vart den første klimarekneskaperen utarbeidd, for året 2021. Den indikerer eit CO₂-avtrykk på 335 tonn. Dette talet er usikkert, dels fordi 2021 var eit unntaksår med lågare aktivitet enn vanleg og datagrunnlaget vil dessutan bli betre etter kvart som teateret får meir erfaring med klimarapportering.

Miljøfyrtårnsertifiseringa inneber eit omfattande arbeid med å kartlegge miljøpåverknaden teateret har i dag, samt etablering av nye rutinar og retningslinjer. Teateret har mellom anna innført nye rutinar for materialbruk, transport og innkjøp. Planen framover er at sertifiseringa som Miljøfyrtårn, med tilhøyrande rutiner, målingar og rapportar skal utgjere ei plattform for det vidare arbeidet med klima- og miljøutfordringar.

Som eit utgangspunkt for alt vidare arbeid med berekraft har teateret valt å forankre dette i fem av FNs 17 berekraftsmål. Dette er *3. God helse og livskvalitet*, *10. Mindre*

ulikskap, 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn, 12. Ansvarleg forbruk og produksjon og 13. Stoppe klimaendringane.

Det Norske Teatret er einaste norske medlem i European Theatre Convention (ETC), eit teaternettverk med 57 medlemsteater i 30 land. DNT har slutta seg til oppmodinga frå ETC om å gjere det som trengs for at teateret skal bli klimanøytralt innan 2030. Dette er eit krevjande arbeid med stort behov for teaterspesifikke kunnskap og kunnskapsdeling. Det Norske Teatret vil organisere det vidare klimaarbeidet etter ei verktøysamling kalla Theatre Green Book, som er utvikla i Storbritannia og også tatt i bruk av teater i Tyskland og Danmark. Eit klimaprojekt etter denne grønnboka vil ha tre innsatsområde: Teaterbygget, teaterdrifta, og størst og mest utfordrande: teaterproduksjonane.

Publikum kom tilbake

Hovudsaka gjennom ni styremøte i 2022 har vore den usikre økonomiske situasjonen teateret stod i gjennom heile året. Ei særskilt løyving frå staten på 11millionar kroner ga ein rimeleg kompensasjon for restriksjonane som varte fram til 12. februar og for tapte billettinntekter i første kvartal. Deretter måtte teateret klare seg med løyvingar som i eit normalår, trass i at arbeidet med å vinne tilbake publikum har tatt heile året. Sjølv med ei eventyrleg rekke sterke og kritikarroste produksjonar på Hovudscenen, var det først frå slutten av oktober at publikumstilstrøyminga var tilbake på nivået før pandemien.

I dette perspektivet er styret godt nøgd med eit publikumstal på 183 560 og 50 millionar kroner i billettinntekter. Det viser at teateret framleis har eit stykke igjen før vi er tilbake til nivået før pandemien, men òg at vi er på god veg til å vinne tilliten i publikum tilbake.

Resultat og eigenkapital

Ei årsak til at Det Norske Teatret klarte seg gjennom pandemien i 2020 og 2021 var eit sterkt redusert kostnadsnivå, i hovudsak som følge av lågare aktivitet. I 2022 var aktiviteten tilbake på eit høgt produksjonsnivå og prisstiging har ført til høgare kostnader. Som nemnd gjeld dette særleg energikostnadene, som vart vel 5 millionar kroner høgare enn det som har vore vanleg. Dette er hovudårsaka til at årets resultat etter skatt blei eit underskot på 7,7 millionar kroner. Ein eingongskostnad på vel 1 million kroner ved innføring av parallelle pensjonsordningar er òg ein del av forklaringa.

Økonomistyringa gjennom året har vore stram. Styret og administrasjon har gjennom heile året vurdert ytterlegare kostnadsreduksjonar, men ikkje funne grunnlag for dette utan at det ganske sikkert ville ført til ein minst tilsvarande reduksjon i billettinntektene.

Styret må derfor konstatere eit underskot som, korrigert for estimerte endringar i pensjonsskyldnader, reduserer den opptente eigenkapitalen til teateret frå 10,5 til 3,4 millionar kroner. Medrekna lutmidlar og annan innskoten eigenkapital er den samla eigenkapitalen til teateret 14,6 millionar kroner.

Takprosjekt og vedlikehold

Styret har i fleire møte arbeidd vidare med takprosjektet. Ein fysisk modell av eit mogleg takprosjekt, utarbeidd av KIMA arkitektur, har sidan våren 2022 stått utstilt i publikumsområda på teateret. Byantikvaren i Oslo har signalisert at prosjektet etter deira meining framleis er for stort, og ikkje ønskt å gå vidare i dialogen med Det Norske Teatret. Teateret er open for vidare dialog, og vil heller ikkje gjere prosjektet avhengig av noko form for førehandsgodkjenning frå Byantikvaren. Diskusjonane i styret har i hovudsak konsentrert seg om kva teateret ønsker skal gå føre seg på taket, altså prosjektets innhald. Aktuelle retningar kan vere konsentrasjon av aktørar og innhald om scenekunst, språk og ytring eller heile Noreg i hovudstaden. Alle alternativ er uansett nært knytt til Det Norske Teatrets kjerneverksemd. Styret er budd på at det vil krevje tolmodig arbeid over lang tid å få til eit takprosjekt og vil arbeide vidare med dette gjennom 2023.

Samstundes er det eksisterande teaterhuset blitt 37 år gammalt. Styret vurderer bygget til å vere i god stand og tenleg for teaterverksemda og publikum, takka vere jamnt vedlikehald og reinvesteringar kvart år. Men med alderen og omfattande bruka aukar behovet for større utskiftingar og investeringar. To eksterne firma har i 2022 laga tiltstandsanalyser med grove overslag over investeringsbehovet for scenemaskineri og bygg/vvs/el. Desse er høvesvis på 109 og 136 millionar kroner for den komande tiårsperioden. Sjølv om desse overslaga er usikre, er det ingen tvil om at investeringsbehovet til teateret vil auke vesentleg i åra. Noko av dette kan truleg sjåast i samband med eit framtidig takprosjekt, mens andre forhold må gjennomførast uavhengig av og før eit eventuelt takprosjekt. Styret vil utarbeide langsiktige investeringsplanar i det komande året.

Nynorsk teaterforlag

Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget vedtok etter styrebehandling i begge verksemdar å etablere aksjeselskapet Nynorsk teaterforlag (eigd 51% av DNT, 49% av Samlaget). Nynorsk dramatikk og scenetekstar er i sterk vekst, både i kvantitet og kvalitet. Etableringa av Nynorsk teaterforlag har som formål å styrkje denne utviklinga vidare. Forlaget vil arbeide for at nynorsk blir nytta meir på norske scener, også på dei scenene som ikkje har eit eksplisitt språkoppdrag. Her vil tilgang til gode nynorske omsetjingar vere avgjerande. Det vil òg vere ei viktig kulturpolitisk oppgåve å formidle nynorske skodespel til utlandet. Forlaget vil vere eit føretak som blir drive ut frå kulturpolitiske og kunstnarlege prinsipp. Grunnleggjarane har begge eit slikt grunnlag for drifta si og vil vise tolmod med tanke på kommersiell nytte av initiativet.

Skatt

Teateret er ein skattefri institusjon. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntektene frå desse verksemdene er skattepliktige. Sidan april 2020 har Det Norske Teatret stått for utleiga sjølv. I juni 2021 flytta Norsk Teater- og Orkesterforening inn som ny leigetakar i 3. høgda. NTO leiger ut nokre av kontorplassane vidare til andre kulturorganisasjonar og dette er med og gjere Rosenkrantz gate 9 til ei viktig adresse i kulturlivet. Våren 2022 overtok rekrutteringsselskapet Worko 4. høgda. 2. høgda vart i slutten av 2022 leigd ut til selskapet Norsk Solar, med avtalt innflytting i februar 2023. I første høgda har Oslo Akutten AS ein langsiktig leigeavtale og bygget er dermed fullt utleigd. Teateret har oppgradert lokala i dei tre høgdene som no er utleigde på ny, slik at desse har god standard.

For investeringar i desse areala er det gjort avskrivningar på 1,1 millionar kroner. Samla skattekostnad var på 385 000 kroner i 2022.

Pensjon

Det Norske Teatret har gode pensjonsordningar for sine tilsette. Teateret har ei ytingsbasert ordning som vart lukka i 2016. Denne omfattar 653 personar, av dei er 497 utmelde med rettar. Estimatendringar i den framtidige forpliktinga teateret har etter denne pensjonsordninga skal rekneskapsførast i det året dei oppstår. Fram til og med 2020 nytta teateret rekneskapsprinsipp som førte desse endringane over driftsresultatet, noko som år om anna førte til store utslag i teaterets driftsresultat, utan at det var eit direkte uttrykk for teaterets drift det året. Frå og med 2021 vedtok styret å endre rekneskapsprinsipp og estimatendringar blir no førte mot eigenkapitalen i balansen. I 2022 utgjer denne endringa ei styrking av eigekapitalen med 555 000 kroner.

Til erstatning for den ytingsbaserte ordninga som vart lukka i 2016, avtalte Speker og LO den gong i staden ei innskotsbasert ordning med maksimalt sparenivå (7%). For å nå det avtalte målet om kjønnsnøytrale og livslange ytingar avtalte Speker og LO i 2022, etter forhandlingar og konflikt i 2021, innføring av ei parallell tenestepensjonsordning, ein såkalla hybridordning. Denne skil seg frå den reine innskotsbaserte pensjonsordninga ved at utbetalinga er livslang. I hybridordninga vert det òg innbetalt eit kvinnetillegg, sidan kvinner statistisk lever lenger enn menn. Ein annan skilnad er at arbeidsgjevar betalar administrasjonskostnadene, også i pensjonsalderen. Dei tilsette sine fagforbund har ulike tilrådingar for sine medlemmer, men kvar tilsett har rett til å gjere eit eige, individuelt val. Ved innføring av den parallelle ordninga valde om lag 100 av dei tilsette å gå over til hybridpensjon. For dei som valde å ta med seg oppspart pensjonskapital frå perioden 2016-2022 måtte Det Norske Teatret innbetale eit eingongstilskot for å dekke framtidig administrasjon av denne kapitalen. Dette er utgiftsført med 1,1 millionar kroner i rekneskapsåret 2022.

Mangfald, likestilling, leiing og organisasjon

Teateret har ordningar for gratisbilletter for følgje til publikummarar med funksjonsnedsettingar. Vi tilbyr høyrhjelp for høyrsllehemma og har gjort tekniske forbetringar i dette anlegget på Hovudscenen i 2022. Bygget er generelt godt tilrettelagt med omsyn til universell utforming, og ved vedlikehald og ombygging strevar vi etter ytterlegare å styrke denne utforminga.

Våren 2021 fullførte Det Norske Teatret, i samarbeid med Nord universitet, bachelorstudiet Det multinorske for skodespelarstudentar med familiebakgrunn utanfor Europa. I alt vart 14 studentar utdanna til skodespelarar ved denne utdanninga frå 2012-2021 og mange av dei er no med og definerer norsk teater på 20-talet. Saman med Riksteatret og Teater Manu tok Det Norske Teatret eit nytt initiativ for å få til ei tilsvarande utdanning ved Det multinorske for dei kunstnarlege premissleverandørane, regissørane og scenografane. Dette fekk ikkje støtte frå Kulturdepartementet i 2023.

Den store satsinga i mangfaldsarbeidet til teateret er for tida i Groruddalen. Teateret har styrkt bemanninga på Rommen scene kraftig og Belinda Braza har fått det kunstnarlege leiaransvaret for alt Det Norske Teatret gjer i Groruddalen. I tillegg til oppsetting av Pinocchio på Rommen scene, overtok DNT i Groruddalen saman med de Wangen produksjonar den gamle Simensblokka på Linderud og skapte den totalomsluttande framsyninga Shiemens. Med støtte frå mellom andre OBOS, Sparebankstiftelsen og Bufdir har vi mellom anna halde scenekunstkurset Gnist, hjelpt fram ny instruktørar med minoritetsbakgrunn i programmet Spire, starta teatertilbodet Rebell i samarbeid med fritidsklubbar og fått fram nye forteljingar og forteljarar i ein skrivekonkurranse saman med Dramatikkens hus.

Det Norske Teatret er saman med Noregs Ungdomslag og Bondeungdomslaget i Oslo eigarar av Den Mangfaldige Scenen, som driv eit som driv eit viktig scenekunstarbeid blant barn og unge. Organisasjonen er ein òg ein samarbeidspartnar i arbeidet med å opne vegar inn til scenekunsten for ungdom i Groruddalen.

Desse tiltaka har saman med målbevisst arbeid med publikumsutvikling, også gjennom Bikubekveldar og andre arrangement på teateret, auka mangfaldet på scenen og blant publikum. Vi ser eit potensial for meir mangfald blant dei tilsette, og i større grad gjeld det dei andre gruppene tilsette enn dei kunstnarlege. Truleg må heile bransjen arbeide meir aktivt og målretta for å auke mangfaldet også bakom scenane.

Styret viser elles til den årlege rapporten for arbeidet med likestilling og mangfald ved Det Norske Teatret etter krava verksemda er pålagt frå 2020 gjennom likestillings- og diskrimineringslova. Rapporten inngår i den større årsrapporten teateret publiserer på nettsidene sine i mars og legg fram for årsmøtet i april.

Den nye openheitslova som tredde i kraft 1. juli 2022 gir kven som helst rett til å få informasjon om korleis ei større verksemd utfører aktsemdsvurderingar for å stanse, førebygge og avgrense negative konsekvensar på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det Norske Teatret er omfatta av lova og helsar den velkomen. Med lova følgjer det og ei plikt til at verksemdene sjølv rapporterer kva dei gjer for å oppfylle lovas formål, risikovurderingar og eventuelle faktiske negative konsekvensar som er avdekk

og tiltak som er sette i verk. Det Norske Teatret sin første rapport blir publisert før fristen 30. juni 2023 på teateret sine nettsider.

I 2022 blei det utført 246 årsverk ved teateret (245 i 2021). Teateret hadde ved utgangen av året 244 fast tilsette og i åremål (238 i 2021), 124 menn og 120 kvinner. Desse utførte 220 årsverk, innleigde medverkande utgjør altså 26 årsverk.

Arbeidsmiljø

Teateret har halde fram med systematisk førebyggjande arbeid mot trakassering og vedtatt etiske retningslinjer som gjeld alle som er i arbeid på teateret, også eksternt engasjerte. Teateret har varslingsrutinar og har lagt stor vekt på at det skal vere trygt å varsle.

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt og at kjensla av fellesskap er eit av teateret sine særmerke og aktivum. Hausten 2022 vart det gjennomført ei medarbeidarundersøking, som jamnt over viser gode resultat, sjølv om resultatene på fleire område var enno betre sist undersøkinga vart gjennomført i 2018. Styret har merka seg at resultatene gjennomgåande er noko dårlegare mellom tilsette som arbeider på verkstadene og med tekniske oppgåver i tilknytning til framsyningar, og støttar leiinga sitt val om å følgje opp desse gruppene spesielt. Styret vil hausten 2023 få ein ny rapport om oppfølginga av medarbeidarundersøkinga. Sjølv om eitkvart tilfelle er eitt for mykje, merkar styret seg at svært få tilsette, og færre enn i 2018, har opplevd trakassering og at ingen av tilfella har samband med prøver eller framsyningar. Styret merkar seg òg eit tydeleg engasjement for klima og miljø og vilje til legge om drifta om det er nødvendig for å gjere den meire berekraftig.

Det er eit godt samarbeid mellom dei tillitsvalde og leiinga ved teateret med møte kvar månad og når det elles er behov.

HMT-spørsmål har stått høgt på agendaen både i desse møta, i møta i leiinga, i avdelingar og i produksjonar. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har hatt ni møte i 2022.. Eit tema utvalet har brukt mykje tid på er å diskutere korleis ein kan skape magi på scenen samtidig som ein er tilbakehalden med bruk av scenerøyk. Etter initiativ frå AMU er det kjøpt inn måleutstyr for scenerøyk og innført nye rutinar for måling og bruk.

Sjukefråværet i 2022 var 4,7 % (4,3 % i 2021). Det var diverre eitt arbeidsuhell i 2022 som førte til sjukmelding.

Risikostyring

Teateret har gode rutinar og system for handsaming av helse, miljø og tryggleik (HMT) og risiko i arbeidsmiljøet. Desse rutinar blir regelmessig evaluerte og forbetra. Teateret

har ein heilskapleg beredskapsplan, og har gjennomført kurs. Beredskapsleiinga har òg fersk erfaring frå den innleiande fasen av pandemien.

Økonomisk risikovurdering blir følgd opp årleg saman med revisor. Dei viktigaste eksterne risikofaktorane har i normale tider vore fare for svikt i billettsalet, endringar i tilskotet, lønsoppgjeret og auke i vedlikehaldskostnadene. Med omlegging til repertoarspel er risikoen for billettsvikt tatt noko ned, i og med at ein no kan programmere om ved salssvikt på enkeltoppsetjingar. Teateret har òg arbeidd med å styrke rapporteringa av avvik og utvikle ei tettare risikooppfølging knytt til produksjonsgjennomføringa. Frå hausten 2022 er det oppretta nye stillingar som sjefprodusent og verkstadleiar, og produksjonsmodellen – heile løpet frå kunstnarleg idé til premiere og evaluering - er under omarbeiding for å få til betre oversyn og betre planlegging.

Teaterdrifta har i utgangspunktet låg finansiell risiko. Teateret vurderer vilkåra for val av bank ut frå ei heilskapleg vurdering av rentetilbod på innskot, lån og kredittbehov. Teateret har også hatt noka leigefinansiering gjennom bank.

Teateret driv i liten grad verksemd der vi har uteståande krav mot kundar. Kredittrisikoen er liten, då eigeninntektene hovudsakleg kjem frå førehandsbetalte billetter. Likviditeten er nær uforandra frå 2021 til 2022, men framleis ikkje betre enn at teateret no og då før den kvartalsvise utbetalinga av statsstøtte må gjere bruk av kassakreditten som er tilgjengeleg. Bruken av den var 2,3 millionar kroner høgare ved utgangen av 2022 enn ved førre årsskifte.

Styret har drøfta ansvarsforsikring for styrearbeidet og teikna slik forsikring.

Vidare drift og framtidsutsikter

Styret har hatt ni møte i 2022 og handsama 64 saker. Styret stadfestar at føresetnader for vidare drift er til stades og er lagt til grunn for rekneskapen, og at rekneskapen gir eit rett bilde av resultat og stilling per 31.12.2022. Verksemda er, trass år med pandemi og no krig i Europa, i ei sunn økonomisk og finansiell stilling. Det har ikkje vore vesentlege hendingar etter balansedagen som endrar dette bildet.

Hovudfinansieringa (om lag 2/3) til teateret vil framleis vere offentleg støtte frå Kulturdepartementet. Styret opplever ikkje denne som trua. Samanlikna med andre i bransjen, baserer Det Norske Teatret drifta på høge eigeninntekter i tillegg, i all hovudsak ved å trekkje til seg eit stort og betalingsvillig publikum. Styret og administrasjonen vil uansett vurdere situasjonen og behovet for tiltak løpande utover året, tilpassa utviklinga.

Det Norske Teatret skal vere eit teater som utfordrar. Først og fremst kunstnarleg, men òg som deltakar i samfunnet. Erfaringane frå dei siste åra har styrkt oss i trua på at same kva slags samfunn som veks fram etter desse globale krisetidene, så vil Det Norske Teatret uansett vere der og spele ei viktig rolle, som fyrtårn for nynorsken og som leiande europeisk teater.



Styret vil takke dei mange samarbeidspartnarane som har bidratt med prosjekt- og utviklingsstøtte og slik gjort det mogleg for teateret å utforske nye vegar. Av offentlege verksemdar gjeld det Kulturdepartementet, Kulturdirektoratet, Bufdir og EU, av private verksemdar og organisasjonar OBOS, Stor-Oslo Eiendom, Kavlifondet, Bergesenstiftelsen, Sparebankstiftelsen DNB, Fritt Ord, ETC og ikkje minst Vennelaget.

Styret vil rette ein stor takk til leiinga ved teateret gjennom særleg krevjande år. Teateret har møtt utfordringar med eit klart formål om å levere kunst på høgt nivå, uavhengig av vanskelege omstende og har strekt seg for å finne nye løysingar på store utfordringar. Styret vil òg takke dei tillitsvalde. Samarbeidet mellom leiing og tillitsvalde har vore avgjerande for dei gode resultatane Det Norske Teatret har oppnådd gjennom vanskelege år.

Til slutt ein stor takk også til alle tilsette, som har stått på, tatt ansvar og gjort ein stortarta innsats.

Oslo 27.02.2023

i styret for L/L Det Norske Teatret

Hilde Barstad

Styreleiar

Steinulf Tungesvik

Nestleiar

Inger Lise Aarrestad Rettedal

Magni Hjertenes Flyum

Shahzad Rana

Lasse Kolsrud

Åshild Mjelde Nordås

Erik Ulfsby

Teatersjef og dagleg leiar

Hans Antonsen

Direktør



Til generalforsamlinga i LL Det Norske Teatret

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for LL Det Norske Teatret som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Oslo, 27. februar 2023
PricewaterhouseCoopers AS

Bente Norbye Lie
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name	Method	Date
Lie, Bente Norbye	BANKID	2023-03-01 21:12

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.



Årsrekneskap 2022

LL Det Norske Teatret

Resultatrekneskap
Balanse
Kontantstrøm
Notar

Org.nr.: 921 196 164



LL Det Norske Teatret
RESULTATREKNESKAP 2022

	Note	2022	2021
Tal i TNOK			
Teaterdrifta			
Eigne inntekter	1	64 211	21 940
Tilskot	2	209 684	215 463
Sum driftsinntekt		273 894	237 402
Varekjøp		8 412	4 651
Kostn. v/arbeidskraft	3, 4	197 341	174 572
Avskrivning teaterbygg	5	1 073	1 073
Ordinære avskrivningar	6	18 045	16 891
Andre driftskostnader	6, 7	56 037	37 969
Sum driftskostnad		280 909	235 156
Driftsresultat		-7 014	2 246
Finansresultat			
Renteinntekter		700	508
Rentekostnader		-1 031	-689
Finansresultat		331	181
Resultat før skattekostnader		-7 345	2 065
Skattekostnader	8	385	616
Årsresultat	9	-7 730	1 449
Disponering av årsresultatet			
Årets resultat til opptent egenkapital		-7 730	1 449
Sum disponert		7 730	-1 449



LL Det Norske Teatret
BALANSE PR. 31.12.

	Note	2022	2021
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	8	1 746	1 646
Sum immaterielle egedelar		1 746	1 646
Finansielle driftsmidler			
Lån til staten		22 200	22 200
Sum finansielle driftsmidler		22 200	22 200
Varige driftsmiddel			
Teaterhuset	5	9 428	10 502
Bygninger, tomter	5	9 007	9 007
Teknisk utstyr, inventar o.a.	6	70 476	72 670
Sum varige driftsmiddel		88 911	92 179
Sum anleggsmiddel		112 857	116 025
Omlaupsmidler			
Fordringar			
Varelager	10	409	472
Forskot forfatterhonorar		261	2 312
Andre fordringar inkl. tilsette		5 870	4 930
Sum fordringar		6 541	7 715
Forskotsbetalte framsyningskostnader	11	3 624	4 997
Bank og kasse	12	6 593	6 541
Sum omlaupsmidler		16 758	19 253
SUM EIGEDELAR		129 615	135 278



LL Det Norske Teatret
BALANSE PR. 31.12.

	Note	2022	2021
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten egenkapital			
Lutmidlar (12.272 luter à kr. 400.-)	13	4 909	4 909
Annan innskoten egenkapital	9	6 335	6 335
Sum innskoten egenkapital		11 244	11 244
Opptent egenkapital			
Annan egenkapital	9	3 367	10 541
Sum opptent egenkapital		3 367	10 541
Sum egenkapital		14 610	21 785
Gjeld			
Pensjonsplikter	4	36 987	37 108
Anna langsiktig gjeld			
Pantelån	14	10 125	11 625
Sum anna langsiktig gjeld		10 125	11 625
Kortsiktig gjeld			
Leverandører		6 987	6 764
Kassakreditt	14	15 352	13 021
Betalbar skatt, ikkje utlikna	8	485	707
Skuldig offentlege avgifter		10 716	10 822
Forskotsinnbetalt for billetter		7 553	8 286
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		26 801	25 160
Sum kortsiktig gjeld		67 893	64 760
Sum gjeld		115 005	113 493
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		129 615	135 278



LL Det Norske Teatret

BALANSE PR. 31.12.

Oslo,
Styret i LL Det Norske Teatret

Hilde Johanne Barstad
Styreleiar

Steinulf Tunesvik
Nestleiar

Shahzad Asghar Rana

Magni Hjertenes Flyum

Inger Lise Aarrestad Rettedal

Åshild Mjelde Nordås

Lasse Kolsrud

Erik Ole Christian Ulfsby
Dagleg leiar

Hans Antonsen
Direktør



NOTAR

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med føresegner i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

INNETEKTER

Inntekter ved billettsal er verkeleg verdi, etter ev. frådrag for student-/honnørrabattar. Inntekter blir resultatførte først etter kvar einskild framsyning. Tenester blir inntektsførte i takt med utføringa. Inntektsført driftstilskot er lik tilskotsbrev frå staten.

KLASSIFISERING OG VURDERINGAR AV BALANSEPOSTANE

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år, og postar som er knytte til varekrinslaupet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er mellombels. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje avsett noko til eventuelle tap pr. 31.12.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Tomta vart ikkje avskriven. Teaterbygget vart skrive ned i takt med avdrag på langsiktig lån knytt til bygget, heile lånet var ferdig nedbetalt 30.04.2015. Frå 01.05.2015 nyttar ein lineær avskrivning som prinsipp. Andre varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært til restverdi over attverande avskrivningstid. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført jamleg som driftskostnader.

LEIGEFINANSIERING

Alle leigefinansierte kontraktar (bortsett frå korte kontraktar og mindre leigefinansierte eigedelar) blir balanseførte som eigedelar med bruksrett, og som ei gjeld. Kontraktar blir førte til innkjøpspris med frådrag for avskrivningar som blir berekna etter annuitetsmetoden.

PENSIJON

Den balanseførte forpliktinga er noverdi av dei definerte ytingane minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktinga blir utrekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode. Etter prinsippendring med start frå 01.01.15 blir endringane i forpliktingane, som følgje av estimatavvik, bokførte direkte over resultatet i det året dei oppstår (NRS 6). Frå 2021 har teateret endra rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon og nytta moglegheita til å anvende målereglane og reglane om resultatspesifikasjon i IAS 19. Det same gjeld for usikra ordning for servicepensjon. Som følgje av dette vil estimatendringar bli førte mot eigenkapitalen, og ikkje over resultat. Arbeidsgjevaravgifta blir kostnadsført basert på innbetalt pensjonspremie for sikrande (kollektive) pensjonsordningar. Innskotsbasert pensjonsordning blir kostnadsført basert på berekna årleg premie.



VALUTA

Transaksjonar i valuta blir bokført laupande til gjeldande kurs. Kursgevinst og kurstap knytt til transaksjonar i utanlandsk valuta blir ført som renteinntekt og rentekostnad.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstilling blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som straks og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med resterande laupetid mindre enn tre månader frå den datoen dei er innkjøpte.

SKATT

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplass. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt blir rekna ut med aktuell skattesats på grunnlag av dei skilnadene som finst førebels mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, forutan eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteauken og skattereduserande førebelse skilnader som blir reverserte, eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, blir grunnjevne med forventa framtidig inntening. Utsett skatt og utsett skattefordel som kan balanseførast, blir oppført netto i balansen.

Utsett skatt blir rekneskapsført til nominelt beløp.

AKTIVERTE OPPSETJINGSKOSTNADER

Sjå note 12.



Note 1 Eigne inntekter

	2022	2021
Billettsal: Hovudscenen	41 077	5 840
Billettsal: Scene 2	5 102	1 908
Billettsal: Scene 3	1 390	508
Billettsal: Rommen scene	1 697	536
Billettsal: Andre scenar	542	490
Billettsal: Direktestrøyming	81	1 529
Programsal	351	26
Sponsorinntekt	1 600	1 200
Gåver	26	0
Leigeinntekter	6 270	5 277
Andre inntekter	6 075	4 626
Sum egne inntekter	64 211	21 940

Note 2 Tilskot

	2022	2021
Statstilskot - tilskotsbrev 04.01.22	196 360	213 030
Ekstra statstilskot - 28.02.22	11 250	2 304
Tilskot frå spelemidlane til kulturformål, Groruddalen - 12.12.2022	1 300	0
Andre tilskot, inkl. tilskot frå ENOVA Straum	682	100
Tilskot til fagopplæring	91	29
Totalt	209 684	215 463

Note 3 Kostnad v/arbeidskraft

	2022	2021
Løn	149 525	134 967
Arbeidsgjevaravgift	23 208	20 655
Honorar	10 795	11 478
Pensjonskostnader	13 812	11 872
Kompensasjon frå Spekters konfliktfond	0	-3 400
Sum	197 341	175 572

Godtgjersle til leiande tilsette:

Teatersjef:	
Løn	1 431
Pensjonkostnader	192
Annan godtgjersle	7
Styret:	321



Teatersjefen er tilsett på åremål. Teatersjefen tener opp to måneders etterløn for kvart år han er tilsett, avgrensa oppetter til eitt år.

Det er ikkje gjeve lån til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.
Det er ingen einskilde lån/garantiar som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

I posten pensjonskostnader inngår betalt pensjonspremie trekt frå for delen til dei tilsette og endringar i pensjonsplikter. Arbeidsgjevaravgift av pensjonane er ført i posten arbeidsgjevaravgift.

	2022	2021
Garantiansvar for tilsette	0	0

Teatret hadde ved utgangen av rekneskapsåret 244 fast tilsette. Av dette var 43 deltidstillingar. Dette utgjer 219,7 årsverk.

Note 4 Pensjonar

Teateret pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter lova.

Sikra pensjonsplikter:

Teateret har ei ytingsbasert ordning som er stengd for fleire innmeldingar og opptening av lønnsjustering og rettar frå 01.07.2016, og ei innskotsordning som omfattar alle tilsette for perioden etter denne dato. 01.12.2022 vart det innført ei ny kollektiv ordning i tillegg til innskotsordninga.

Den ytingsbaserte ordninga gjev rett til opptent del av definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av full opptening, lønnsnivå pr. 30.06.2016 og størrelse på ytingane frå Folketrygda.

Pensjonsavtalen vart ved stenging også overført frå DnB Livsforsikring ASA til KLP. Nedskrivning av eigenkapitalinnskot i KLP på tkr 5.050 er tilbakeført i 2020 da pensjonsavtalen vart overført til Storebrand 1.1.2021 og eigenkapitalinnskottet i KLP vart betalt tilbake.

Teateret vedtok i 2021 å endre rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon og nytte moglegheita til å anvende målereglane og reglane om resultatpesifikasjon i IAS 19. Det same gjeld for usikra ordning for servicepensjon. Som følgje av dette vil estimatendringar bli førte mot eigenkapitalen, og ikkje over resultat. Totalt estimatavvik ført mot eigenkapitalen i 2022 utgjer tnoK 555 (sjå note 8).

Det er totalt 653 i den lukka ordninga, av dei er 497 utmelde med rettar.

I tariffoppgjeret for 2016 var det avtalt ei mellombels ordning med innskotspensjon for dei tilsette i teater- og orkesterverksemder tilslutta Speker som arbeidsgjevarforeining. Som ei følgje av dette starta teateret opp ei innskotsbasert pensjonsordning via Sparebank 1 Forsikring AS. LO og Speker forhandla gjennom hausten 2021, og vart einige om å innføre livslange og kjønnsnøytrale pensjonsytingar i kultursektoren frå 1. april 2022. Dette vart utsett til 1. desember same år, og teateret har frå då av to kollektive parallelle pensjonsordningar, ei innskotsordning tilsvarande den som var oppretta i 2016 og ei ny hybridordning. Storebrand vil vere leverandør for hybridordninga, og innskotsordninga blir flytta frå Sparebank 1 til Gjensidige 1. februar 2023.

Dei to alternative pensjonsordningane blir vurderte å vere nesten likeverdige, men ordningane har noko ulike innretningar og eigenskapar. AFP, uføre- og etterlattepensjon er like i innskotspensjon og hybridpensjon.



I hybridordninga er utbetalinga livslang. Det blir derfor avsett noko meir til pensjon for kvinner, ved at det blir betalt eit kvinnetillegg på toppen av det ordinære innskøtet sidan kvinner lever i gjennomsnitt lenger enn menn. I tillegg betaler arbeidsgjevar administrasjonskostnader for tilsette som sluttar og får pensjonsbevis. Lønstrekket i hybridordninga er derfor noko høgare enn i innskøtsordninga. Innskøtsordninga er opphøyrande, og må minst takast ut over 10 år. I innskøtsordninga kan arbeidstakarane spare opp pensjonskapital frå ulike arbeidsgjevarar på Eigen Pensjonskonto, noko som ikkje er mogleg i hybridordninga pr. i dag. Frå og med 2004 er tilleggspensjonar til teatersjefar/direktørar samordna med kollektivordninga gjennom ein avtale om kollektiv livrente.

Usikra pensjonsplikter:

Selskapet har også ei avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP). Denne er å rekne som ei ytingsbasert fleirføretaksordning, men rekneskapsført som ei innskøtsordning fram til det ligg føre påliteleg og tilstrekkeleg informasjon, slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proporsjonale del av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet sine forpliktingar er dermed ikkje balanseførte som gjeld. Like eins har vi ein avtale om pensjon til ein dansar frå fylte 48 år og fram til fylte 67 år og gåvepensjon til teatersjefar og tilsette som var pensjonistar før pensjonsordninga til alle tilsette tredje i kraft.

Resultatrekneskapen	2022	2021
Pensjonsopptening i året	1	460
Rentekostnader av pensjonsplikter	650	566
Brutto pensjonskostnad, sikra pensjonsordning	651	1 026
Avkastning på pensjonsmidlar	0	0
Resultatavvik og planendringar	0	0
Arbeidsgjevaravgift	0	0
Resultatført pensjonskostnad før tilskot frå tilsette	651	1 026
Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift	0	-22
Estimatavvik ført mot eigenkapital	-681	-113
Endring av netto pensjonsplikter i balansen, sikra pensjonsordning	-30	891

Usikra servicepensjon:

Pensjonskostnad

Rentekostnader av pensjonsplikter	53	42
Sum pensjonskostnad usikra pensjonsordning	53	42
Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift	-259	-259
Estimatavvik ført mot eigenkapital	126	529
Endring av netto pensjonsplikter i balansen, usikra pensjonsordning	-80	312

Balansepostar

Usikra pensjonsplikter:

Pensjonsplikter (brutto)	2 467	2 576
Periodevis arbeidsgjevaravgift	348	329
Netto usikra pensjonsplikter	2 815	2 905

**Sikra pensjonsplikter (kollektiv ytingspensjon):**

Pensjonsplikter (brutto)	256 949	268 977
Pensjonsmidlar (marknadsverdi)	-227 000	-239 000
Pensjonsplikter (netto) før arbeidsgjevaravgift	29 949	29 977
Arbeidsgjevaravgift av premiefondsmidlar	4 223	4 226
Netto sikra pensjonsplikter	34 172	34 203
Usikra pensjonsplikter	2 815	2 905
Sum	36 987	37 108

Økonomiske føresetnader:	2022	2021
Avkastning på pensjonsmidlar	3,00 %	1,90 %
Diskonteringsrente	3,00 %	1,90 %
Årleg lønsvekst	3,50 %	2,75 %
Årleg G-regulering	3,25 %	2,50 %
Årleg regulering av pensjonar under utbetaling	2,60 %	1,74 %
Arbeidsgjevaravgift sats	14,10 %	14,10 %

Note 5 Teaterhuset/tomteverdi

	2022	2021
Teaterhuset (der utleigedelen inngår)		
Gnr./bnr. 0301-209/169		
Kostpris ved fusjon 1986	487 302	487 302
Nedskrive med tilskot	424 625	424 625
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.	44 241	43 168
Bokført verdi pr. 31.12.	18 436	19 509
Avskrivningar dette året	1 073	1 073

I 1986 vart AS DNT-bygget fusjonert med LL Det Norske Teatret og teaterhuset var då balanseført med kr 478 295 000 og tomte med kr 9 007 223. Av teaterhuset var det kr 51 858 216 som høyrde til den delen som er leigd ut. Bygget var blant anna finansiert gjennom eit statleg lån på kr 424 625 000. Dette lånet vart ettergjeve av staten i 1999, og bygget vart da nedskrive med verdien på lånet.

Pr. 31.12. kan den bokførte verdien til teaterhuset fordelast slik:

	2022	2021
Del til eiga disponering	1 534	1 571
Del utleige	7 894	8 931
Sum	9 428	10 502



Note 6 Teknisk utstyr, inventar

	Varige driftsmiddel	Varer i arbeid
Innkjøpskost 01.01.2022	198 731	1 604
Tilgangar	15 858	0
Avgangar	0	8
Innkjøpskost 31.12.2022	214 589	1 596
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	145 710	0
Balansført verdi per 31.12.2022	68 879	1 596
Avskrivningar i år	18 045	0

Det blir nytta lineære avskrivningar for alle varige driftsmiddel. Den økonomiske levetida er rekna til:

Transportmiddel, inventar og maskinar	5 - 10 år
Datautstyr	3 - 5 år
Teknisk utstyr	10 - 15 år
Kontorutstyr	3 - 5 år
Andre driftsmiddel	3 - 5 år

Årleg leige av ikkje balansførte driftsmiddel	2022	2021
Den Norske Opera og Ballett	250	280
Kontormaskinar	205	188

Note 7 Andre driftskostnader

	2022	2021
Kostnader v/lokale	13 806	9 036
Reparasjon og vedlikehald	8 211	7 291
Marknads-/info.-kostnader	6 694	4 990
Forfattarhonorar	8 461	3 004
Andre driftskostnader	18 865	13 648
Sum	56 037	37 969

Revisor	2022	2021
Revisjonshonorar, inkl. mva.	343	289
Skatterådgjeving, inkl. mva.	78	23
Sum	421	312



Note 8 Skattekostnad

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Samtidig driv teateret med utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

Berekening av utsett skattefordel	2022	2021	Endring
Bygning	-7 937	-7 483	454
Netto mellombelse skilnader	-7 937	-7 483	454
Grunnlag for utsett skattefordel	-7 937	-7 483	454
Utsett skattefordel (22%)	-1 746	-1 646	100
Grunnlag for skattekostnad, endring i utsett skatt og betalbar skatt	2022	2021	
Resultat før skatt for skattepliktig verksemd		1 751	2 801
Grunnlag for skattekostnaden i året		1 751	2 801
Endring i mellombelse resultatforskjellar		454	412
Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt i balansen)		2 205	3 213
Fordeling av skattekostnaden			
Betalbar skatt		485	707
Endring i utsett skattefordel		-100	-91
Skattekostnad		385	616
Avstemming av skattekostnaden i år			
Resultat frå skattepliktig verksemd		1 751	2 801
Berekna skatt 22 %		385	616
Skattekostnad i resultatrekneskapen		385	616
Differanse		0	0
Betalbar skatt i balansen			
Betalbar skatt i skattekostnaden		485	707
Betalbar skatt i balansen		485	707

Note 9 Eigenkapital

	Lutemiddel	Annan innskoten EK	Annan EK	Sum
Eigenkapital 01.01.2022	4 909	6 335	10 541	21 785
Årets resultat			-7 730	-7 730
Pensjon mot eigenkapital			555	555
Eigenkapital 31.12.2022	4 909	6 335	3 366	14 610



Note 10 Varer

	2022	2021
Varelager	409	472
Sum	409	472

Varer blir vurderte til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Det er ingen ukurante varer i 2021 og 2022.

I 2022 har det blitt gjort ei endring i presentasjon av kontoer. Kontoar som tidlegare vart presenterte som varelager blir no presenterte som varer i arbeid. Dette gjeld varer som blir brukt i produksjonar og som ikkje blir kjøpt inn for vidareasal. Beløpet for 2021 er korrigert.

Note 11 Aktiverte framsyningskostnader

Kostnader knytt til produksjonar med premiere etter årsslutt er aktiverte. Aktiveringa gjeld variable kostnader ut over fast lønn.

På grunn av covid-19 og kulturstreiken vart fire produksjonar som skulle ha premiere i 2021 flytta til 2022 og 2023. Materialkostnadene til desse produksjonane vart aktiverte. Av desse står det att ein produksjon som er flytta til Fossefestivalen i 2023. Her utgjer dei aktiverte materialkostnadene tnok 397.

Note 12 Bundne bankinnskot, trekkrettar

	2022	2021
Bundne bankinnskot		
Skattetrekkskonto	6 579	6 526

Note 13 Lutmiddel og informasjon om luteigarane

	Luter	Pålydande	Bokførte
Luter (ikkje registrerte i VPS)	12 272	400	4 909

LL Det Norske Teatret har 4 693 luteigarar pr. 31.12.22. Alle lutene gjev same rett i selskapet.

Oversikt over dei største luteigarane pr. 31.12.2022	Sum	Eigardel
BUL Oslo	1 353	11,03 %
Haugesund mållag og ungdomslag	481	3,92%
Venner av Det Norske Teatret	200	1,63%
Mållaget i Kristiansand	166	1,35%
Gjensidige Skade	130	1,06%
Sum	2 330	18,99%
Andre (eigardel < 1%)	9 942	81,01%
Totalt	12 272	100,00%



Oversikt over luter til styremedlemmer, teatersjef og direktør, inkludert ektefellar og barn. Dei eig til saman 3 luter i Det Norske Teatret. Desse fordeler seg slik:

Erik Ulfsby, Lasse Kolsrud og Steinulf Tungesvik.

Lån til staten:

Staten har gjeve eit eigenkapitaltilskot som dekkjer delar av den eigenkapitalreduksjonen som teateret fekk den gongen pensjonsplikter vart innarbeidde. I balansen er dette beløpet klassifisert som annan innskoten eigenkapital. I 2022 er det motteke renter på tkr. 457.

Note 14 Pantstillingar og garantiansvar

Gjeld som er sikra ved pant o.l	2022	2021
Gjeld til kredittinstitusjoner	-10 125	-11 625
Sum	-10 125	-11 625

Det Norske Teatret hadde pr. 31.12.2022 pantgjeldslån på 10,1 mill. kr i DNB Bank ASA. Teateret har ei kredittramme på 20 mill. kr. Som trygd for pantgjeld i DNB Bank ASA 10,1 mill. kr er det tinglyst pantobligasjonar i teaterhuset på 40 mill. kr. Vidare har staten og Oslo kommune saman tinglyst ein pantobligasjon på 857 mill. kr til trygd for tilskotet i teaterhuset inkludert ein eventuell verdiauke (staten 591 mill. kr og Oslo kommune 266 mill. kr). Dette ansvaret blir aktuelt dersom teaterverksemda i bygningen ikkje blir driven i samsvar med gjeldande vedtekter i LL Det Norske Teatret.



Kontantstrømoppstilling

(tal i NOK 1000)

	2022	2021
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter		
Resultat før skattekostnad	-7 345	2 065
Betalt skatt i perioden	-707	-510
Ordinære avskrivningar	19 118	17 964
Nedskrivning driftsmiddel	8	-
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalningar i pensjonsordningar	434	787
Endring i varelager	63	-211
Endring i forskot kundar	-733	-2 402
Endring i leverandørgjeld	223	-1 196
Endring i andre tidsavgrensingspostar	4 018	12 476
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	15 079	28 973
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter		
Utbetalt ved kjøp av varige driftsmiddel	-15 858	-11 232
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-15 858	-11 232
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter		
Endring i kassekreditt	2 331	-15 576
Endring i langsiktig gjeld	-1 500	-1 500
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	831	-17 076
Netto kontantstrøm for perioden	52	665
Kontantar og kontantekvivalentar i byrjinga av perioden	6 541	5 876
Kontantar og kontantekvivalentar i slutten av perioden	6 593	6 541
Denne består av:		
Bankinnskot	6 579	6 526
Kontantar	14	15